



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
22/56142-2

Dykkar referanse:
22/425-22/23421

Vår dato:
19.04.2022

Uttale til søknad om tilbygg til driftsbygg gnr. 171 bnr. 5 Seim – trondheimske vegen – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune dagsett 22.03.2022 med 4 vekers frist for uttale.

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til driftsbygg med bruksareal på 32,5 m² på gbnr 171/5 Seim. Tilbygget er naudsynt for produksjon på garden. Kulturavdelinga, byggesak avd. og Landbruksavdelinga i Alver kommune har vore på synfaring på staden og observerte gard i drift med utegangar sau produksjon.

Alver kommune har vurdert det slik at regulert offentleg gangveg OG3 er lite naturleg å etablere/nytte av turgåare då det ligg per dags dato etablert vegtilkomst til nabobustad på gbnr 171/10 Seimsleitet 19 som turgåare kan nytte for å kome til Håkonshaugen og eldre kyrkjegard. Kommunen meiner at tilbygg med lengde på 6,5 m og breidde på 5 m kjem ikkje i konflikt med den Trondheimske vegen og regulert gangveg OG3.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Seim Kyrkjegard og Håkonshaugen amfi med idnr. 1263 200104 er definert som B3 bustadføremål.

Om behovet for dispensasjon skriv Alver kommune:

«Administrasjonen meiner at det er avstand på 5,086 meter frå B3 til SP- sikringszone for verneområde då tilbygget har lengde på 6,5 meter og kan krevje dispensasjon frå plan- og bygningslova frå både planføremål SP3, 5 – verneområda. Slik administrasjonen ser utifrå teikningar at port ligg mot trondheimske veg. Sjå vedlagte trase til trondheimske vegen. Det ser slik ut at tiltaket krev dispensasjon frå Kulturminnelova, jf. reguleringsplan føresegn pkt. 3.3. Den skal handsamast av Vestland fylkeskommune.»

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Uttale

Statens vegvesen Norsk vegmuseum har det faglege ansvaret for kulturminnevern i etaten og har hatt saka til gjennomsyn. Den Trondhjemske Postvei er eit kulturminne av nasjonal verneverdi, og den ligg med omsynssone i kommunens plangrunnlag. For oss er det vesentleg at vegen vert ivaretatt som kulturminne og kan nyttast som turveg.

Tilbygget det vert søkt om er planlagt mot sør og i forlenginga av eksisterande driftsbygning på gnr. 171 bnr. 5. Ved synfaring såg vi at området på postvegen var svært opptrakka av dyrespor. Vi har forståing for at det vert drive gardsbruk og sauehald, men vi meiner det er uheldig at fôringsplassen er plassert akkurat her. Vi håper derfor at tilbygget – slik det er nemnt i søknaden, gjer at det vert nok plass for vinterfôring. Då vil området på postvegen kunne skjermast slik at det igjen får vekse gras her. Vi set som ein føresetnad at plasseringa av tilbygget ikkje kjem i konflikt med postvegen, og vi vil også spesielt nemne eit tre som står i området rett på nedsida av vegen (dette er å sjå på bildet som er vedlagt søknaden). Dette meiner vi bør stå som del av vegens avgrensing og nære vegetasjon, og som også ligger innanfor vegens omsynssone. At postvegen skal brukast og opplevast som turveg er viktig, og vi oppmodar derfor om at det eksempelvis vert sett inn meterbreide grunder i dei oppsette gjerdene, slik at vegen blir framkommeleg for gåande.

Vi minner om at vi skal ha kommunen sitt vedtak i saka oversendt for klagevurdering.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER